



**Hjartdal  
Elverk AS**

**Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo**

**Sauland 14.04.2011**

## **Høyringsuttale fra Hjartdal Elverk til konsesjonssøknadar frå Sauland bygdekraft med Hanfoss og Skagerak Kraft med Sauland Kraftverk.**

NVE har sendt på høyring søknadar for kraftutbygging i Hjartdal kommune. Det føreligg søknad frå Sauland bygdekraft på utbygging av Hanfoss, og frå Skagerak Kraft på utbygging av Sauland Kraftverk. Høyringsfristen er 15.april. I samband med konsesjonssøknadane for Sauland Kraftverk og Hanfoss har Skagerak Nett søkt om konsesjon til å byggje om eksisterande 132 kV kraftleidning mellom Hjartdøla og Ålamoen.

Begge søkjarane har gjennomført orienteringsmøte med styret i Hjartdal Elverk om sine alternativ. NVE har også gjennomført informasjonsmøte, og søknadane med vedlegg er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

Hjartdal Elverk har ingen fallrettigheitar i nokon av prosjekta, og er dermed ingen direkte part i saka, men vi er gjort kjent med vilkåra i avtaleutkastet mellom Skagerak og Hjartdal kommune.

Hjartdal Elverk har vurdert alternativa ut frå si rolle som områdekonsesjonær og lokal netteigar, men også ut frå eit samfunnsmessig og energipolitisk ståstad.

Det føreligg 3 hovudalternativ som ein må ta stilling til: Ingen utbygging, Sauland Bygdekraft med Hanfoss og Skagerak Kraft med Sauland Kraftverk.

Vassdraget som dette gjeld er:

Hanfoss: Hjartdøla nedstrøms Hjartsjø til kote 82,3, litt vest for Sauland sentrum

Sauland Kraftverk: Hjartdøla nedstrøm Hjartsjø til nedstrøm Omnesfossen, og Skogsåa frå Søndelandsvatnet til nedstrøm Omnesfossen.

### **Samfunnsmessige konsekvensar.**

Energibehovet i verden aukar kraftig, og med dei klimautfordringane vi står framfør, vil all fornybar energi være med å bidra positivt i høve til å redusere m.a. klimagassar. Hjartdal Elverk har ei klar oppfatning om at vasskraft er den reinaste og mest miljøvenlege energikjelda som fins, og bør derfor

prioriterast. I utbyggingsalternativa som no ligg føre har begge alternativa etter vår oppfatning likevel negative konsekvensar utifrå lokale behov. Den største utbygginga vil sjølv sagt føre til nok fleire negative miljømessige konsekvensar enn alternativet til Sauland Bygdekraft, men etter vår oppfatning kan dette forsvarast gjennom ei vesentleg høgare energimengde.

#### **Lokale konsekvensar, sett i høve i høve til framforhandla avtaler**

Som tidlegare nemnt vil ei kraftutbygging alltid medføre negative konsekvensar lokalt. I dette høvet meiner vi likevel at dei negative konsekvensane er mindre enn dei positive, da utbygginga i hovudsak vil skje i allereie regulerte vassdrag. Argument som at Hjartdal gjennom eksisterande utbygging alt har ytt "nok" til storsamfunnet, er etter vår oppfatning ikkje eit relevant argument i slike saker. Vassressursane ligg der dei ligg, og kan ikkje flyttast. Men av same årsak må også storsamfunnet gje attende til lokalsamfunnet for dei ulempene slike utbyggingar fører med seg. På bakgrunn av dette har vi vurdert dei 2 alternativa ut frå avtaleutkast/forslag som føreligg.

#### **Sauland Bygdekraft – Hanfoss:**

I fylgje saksframlegget til kommunestyre føreligg det ikkje konkrete avtale med Sauland bygdekraft, og det er heller ikkje lagt fram forslag til ytingar til lokalsamfunnet utover lovpålagte skattar og avgifter gjev.

#### **Skagerak Energi – Sauland Kraftverk:**

I fylgje avtala som er framforhandla mellom Skagerak Kraft og Hjartdal kommune er hovudpunktata desse:

- Næringsfond på 11 millionar kroner.
- 5 millionar kroner til opprusting av området ved Omnesfossen.
- Oppfylling av steinmassar på kommunalt eigd areal ved Øygardsjordet.
- 10% eigarskap i Sauland Kraftverk. Dersom private grunneigarar/falleigarar ikkje tek imot tilbod om eigarskap har Hjartdal kommune føretrinnsrett til ytterlegare inntil 6,99% av aksjane i kraftverket

Styret meiner at alle desse tiltaka er svært positive, men ser likevel avtala om eigarskap som det viktigaste punktet. Dette vil sikre at Hjartdal kommune og lokalsamfunnet får nytte godt av framtidige utbytte frå selskapet, og der kommunen saman med lokale grunneigarar kan sikre opp til 19,99% medeigarskap i det nye kraftverket.

#### **Lokal kraftsituasjon og leveringssikkerhet.**

##### **Kraftsituasjon lokalt -konsesjonskraft**

Hjartdal kommune har i dag rett til konsesjonskraft på om lag 37 GWh fra Hjartdøla kraftverk, men denne retten er avgrensa til alminneleg forbruk i kommunen. I 2010 var alminneleg forbruk om lag 28,1GWh. Ved ei ytterlegare utbygging, vil denne retten til konsesjonskraft auke med henholdsvis 7 GWh ved utbygging av Hanfoss og 21,8 GWh for Sauland Kraftverk. Kommunen vil likevel ikkje få "glede" av den eventuelt nye konsesjonskrafa før alminneleg forbruk i kommunen blir større enn 37GWh. I våre prognosar vil vi passere 37 GWh kring 2015. Dersom prognosane er rett, vil Hjartdal kommune nyte godt av den "nye" konsesjonskrafa frå 2015, men framleis avgrensa til det volum som tilsvarar alminneleg forbruk i kommunen.

### **Lokal leveringssikkerhet**

Det lokale distribusjonsnettet er i dag tilknytt overliggende nett gjennom ein 132/22kV transformator(T4) i Hjartdøla. Hjartdøla er vidare tilknytt overliggende nett gjennom ei dobbel radiell 132 kV linje i same mastetrase frå Grønvollfoss. Linja har ein felles brytar, slik at linjene ikkje kan driftast kvar for seg. Ved feil på 132 kV linje eller transformator T4 vil det lokale distribusjonsnettet i Hjartdal ikkje ha tilknyting til overliggende nett. Dagens reserveforsyning går gjennom 22 kV linje frå Vest Telemark Kraftlag(Sundsbarm) og 11 kV linje frå Notodden Energi. Begge desse til saman har for liten kapasitet til å forsyne Hjartdal ved høglast. Begge linjene er også erfaringsmessig svært utsett for feil. Som ein ser ut frå dette er leveringssikkerheten inn til Hjartdal kommune i dag svært sårbar

Begge utbyggingsalternativa krev ei ny tilknyting og koplingsanlegg mot 132 kV linja i Sauland. Begge søkjane har skissert ei slik løysing i søknaden:

Skagerak vil bygge eit nytt 132 kV koplingsanlegg ved Øyen. Her er det sett av eit ledig koplingsfelt og plass til 132/22 kV transformator, men transformator er ikkje tatt med. Dette kjem fram av Skagerak nett sin konsesjonssøknad på ombygging av 132 kV linja på strekninga Ålamoen – Hjartdøla.

Sauland Bygdekraft søker også om anleggskonsesjon til å bygge ny 22kV kabel frå kraftstasjon til nytt koplingsanlegg. Dette krev også ein ny transformator 132/22 kV på min 20 MW, noko som vil bety samordningsfordeler med tanke på Hjartdal Elverk sitt behov for nytt uttak.

I samband med Skagerak sine planer for ombygging av linja, er det også planlagt ei separat linje mot Knardalstrand, og ei mot Grønvollfoss, med koplingspunkt i nytt koplingsanlegg i Sauland(Øyen) . Vi legg til grunn at desse planane også blir gjennomført om Hanfoss - alternativet blir valt.

### **Konklusjon:**

Hjartdal Elverk tilrår at Skagerak Energi får konsesjon i tråd med søknaden, men at det i konsesjonsvilkåra blir sett strenge krav til avbøtande tiltak og minstevassføring.

Dei viktigaste grunnane til at Hjartdal Elverk tilrår søknaden frå Skagerak er:

- Ny fornybar energi på heile 218 GWh, som tilsvara straumforbruket til over 10 000 husstandar.
- Betydeleg betring av leveringssikkerheten lokalt
- Lokalt medeigarskap inntil 19,99%
- Næringsfond som gjev mulegheiter for utvikling av lokal næringsverksemd, gitt at dette har en størrelse som gir muligheter i lokalsamfunnet
- Midler til opprusting av Omnesfossen , men igjen basert på reell kostnad
- Kommunen vil sitte med betydeleg meir konsesjonskraft dersom utviklinga og aktiviteten i kommunen tilseier eit større energibehov på sikt.
- Kompetanse bygging lokalt som bieffekt

Sauland 14.04.2011

For styret i Hjartdal Elverk



Halvor Romme  
Dagleg leiar